

## Debattinnlegg publisert i Klassekampen, trykt og digital utgåve

Skribent: Eli Natvik, [eli.natvik@hvl.no](mailto:eli.natvik@hvl.no)

Referanse: Natvik, Eli. (2023, 31. mai). *Forakt i språkdrakt*.

<https://klassekampen.no/utgave/2023-05-31/debatt-forakt-i-sprakdrakt>

### Forakt i språkdrakt

Hanna Bull Thorvik har skrive ein kommentar 27.05.2023 om dei 4500 amerikanske marinesoldatane som fekk landlov i Oslo. Tekstens motiv er uklart, men det den gjer, er å skape eit negativt bilde av soldatane gjennom måten å omtale kropp, alder, veremåte og klasse. Rett nok er teksten sukra med eit unntak, nemleg møtet med ein 27 år gammal skodespelar og diplomatson som skal møte vener frå Noreg. Kontrasten til den høglytte og litt bortkomne nittenåringen «på et av Karl Johans mindre sjarmerende hjørner», omtalt som «et skuffende utrent eksemplar av en amerikansk yrkesmilitær», er stor, og det er han som får rolla som representant for gruppa: «Kvapsete, distré og i overkant hyggelige går Natos førstelinje rundt i paradegata.» Kva oppdrag, arbeidsoppgåver, trening og kompetanse soldatane har fått nokre timar fri frå er ikkje tema, men «frihetsfølelsen var til å ta og føle på.» Teksten osar av misnøye, dei er for unge, dei har for mjuke kroppar, dei tek for stor plass, støyande og begeistra som dei er, og overraskande mange har ring på fingeren. Det er ein kritikk her, men kva er det ein kritikk av?

Inntrykket er at byens kvinner har fått uønskt merksemd, men samtidig at soldatane er hyggjelege, nyfikne og begeistra, og at skribenten vil snakke med dei sjølv kor lite attraktive dei er. «Oslo vekker begeistring. På åpen gate høster norske kvinner komplimenter for sin skjønnhet. Guttene har bodd trangt, så mye skjønner vi. De er brakkesyke, og det ser ut som de har spist litt for mye snacks på båten».

Når soldatane får fortelje om arbeidet sitt, livet om bord, løna som er betre enn maten, men ingenting å skryte av, blir dei menneske. Dei får fortelje om draumen om eit betre liv, gratis utdanning, og lengt etter familien . Men berre heilt kort, før soldatane igjen blir objekt for eit tekstleg grep: «Hey!» roper en kvapsete kar til en ti år eldre og tretti kilo lettere norsk blomst. «You're very beautiful», sier han. Men det ble ikke napp denne gangen». Nei, det vart nok ikkje det.

Det er forståeleg at 4500 unge soldatar i Oslo er overveldande, og at det kan vere tilfredsstillande å kjenne på forakt. Men å bruke blikket og språkets makt mot ei gruppe som ikkje veit om at dei medverkar til dette, eller kan forstå omtala dei får, er feigt, uansett kor mange dei er.

2339 tegn med mellomrom